



**Medan vi saknar snøen i Kvinnherad er det nok snø og glimrande snøtilhøve på Voss og der deltok 3 uskedelinger i 5 kilometer klassisk i helga. Og trass i at treningsgrunnlaget kunne vore betre, tok parhestane Kari Bråtun og Ingebjørg Haugland kvart sitt meisterskap. No går dei i 17 og 18 årsklassen. Dei vann med knapp margin.**

Tredje deltakar herifrå var Johannes Haugland, som hevda seg bra i ein knallhard 15-årsklasse. Meisterskapet denne helgen gjekk i KM-løypene frå i fjor. Til helga er det nytt KM på Voss, men då i fristil på Bulken. Over står Pål Haugland saman med dei 2 flinke langrennsjentene.